

## ALBICILLA NATURFAGRÅDGJEVING

Att. A. O. Folkestad

Org. nr. 985 762 503

Selvågvegen 160

6068 EIKSUND

---

### NOTAT

## Detaljplan for Hagestrondi i Sogndal kommune – A/S Arkitektkontoret 4B

Eg syner til e-post frå Heidi Kathrin Osland, Arkitektkontoret 4B, datert 22.06 2018, med reguleringsføresegner, detaljplankart, illustrasjonsplan og planomtale for «Detaljplan for Hagestrondi i Sogndal», og til tidlegare telefonsamtalar og e-postar. Dette er grunnlaget for å ei ornitologfagleg/naturfagleg vurdering av detaljplanen med tanke på Fimreiteholmane og tilgrensande gruntvassområde, strandsone og strandsump for å sikre naturverdiane av naturreservatet og tilgrensande viktige naturområde.

### Problemstilling:

I kommuneplan for Sogndal er skredmarksfoten sør for gardstunet på gnr. 85, bnr. 18 og på bnr. 08 lagt ut til fritidsbustader. I detaljplan for dette området har Arkitektkontoret 4B, handsama i forvaltingsutvalet i Sogndal 07.06 2018 og i Sogndal kommunestyre 14.06 2018, utarbeidd plan for korleis det aktuelle arealet kan nyttast til dette føremålet. Ein viktig premis for denne planen, med tilvising til naturmangfaldlova generelt, til registrering av viktige naturtypar i Sogndal, og at Fimreiteholmane (Storeholmen og Vetleholmen) er freda som naturreservat, er gjennom plangodkjend arealbruk med kart og reguleringsføresegner å sikre at endra arealbruk og auka, menneskeleg aktivitet i nærområdet ikkje skal få negative effektar for naturverdiane.

### Naturverdi og status for Fimreiteholmane med tilgrensande grunne strandsoner:

Sognefjorden er i nasjonal og internasjonal samanheng eit heilt eineståande fjordlandskap. Det er langt det største og mest utprega av dei vestnorske fjordlandskapa, med djupfjorden som hovudelement, kransa av stupbratte fjordlier og fjellveggar, og sidefjordar og dalgangar med sine vassdrag skaper variasjon i landskapet. Der dei største dalane og vassdraga møter fjorden, om det er hovudfjorden eller sidefjordar, har lausmasseavsetjingar skapt elveøyrrar eller deltaområde som langt på veg var einaste stadene der det var mogleg for menneske å bygge større samfunn, men og dei stadene der sjøfugl og våtmarksfugl fann tilfredstillande livsrom. Ut over dette er det meste av Sognefjorden heilt utan høve for kolonidannande sjøfugl til å kunne hekke og utnytte den næringsproduksjonen som måtte vere tilgjengelege for slike artar i Sognefjorden. Langs nordsida av fjorden er Fimreiteholmane saman med holmane i Nordrevika i Høyanger, dei einaste tilgjengelege hekkplassane for sjøfugl som er rimeleg sikra mot rovpattedyr før ein kjem til det oppdelte kystlandskapet i Hyllestad og Solund kommunar ved utlaupet av fjordsystemet. Langs sørsida av fjorden er dei første holmane å

finne i indre delar av Gulen kommune. Dette understrekar den viktige statusen som Fimreiteholmane har for å sikre sjøfugl som del av artsmangfaldet i Sognefjorden. Dei fugleartane som særleg har vore avhengig av kringflodde holmar for hekking i fjordane, er måseartane, ternar og andefuglar. På Fimreiteholmane har dette vore fiskemåse, hettemåse, svartbak og makrellterne. I tillegg har holmane i kombinasjon med strandsona på landsida vore viktige for fleire vadefuglartar som tjeld, vipe, raudstilk, strandsnipe og småspove. Alle desse artane har vore på vikande front dei seinare åra, måsar og ternar først og fremst som følgje av svikt i næringstilgangen i sjøen, men og som følgje av nedbygging og endring av tidlegare viktige hekkeplassar. I Sognefjorden, slik det er over alt i fjordlandskapa, gjeld dette særleg endring gjennom forbygging og i stor grad direkte nedbygging av deltaomtåde og elveøyrrar inne i fjordbotnane. Dette har ført til at alle dei nemnde måsefuglane, ternene og vadefuglane, med unnatak av strandsnipe, har hamna på den norske raudlista over artar som står i fare for å forsvinne frå norsk natur. Dette gjer det særleg viktig å ta vare på dei landskapa som er avgjerande for å sikre restane av tidlegare gode bestandar, og framfor alt om siktemålet og skal vere å kunne forvalte natur og landskap slik at artane kan få høve til å bygge seg opp att over tid.

#### *Røynsler med menneskeleg aktivitet i høve til dei artane som har vore karakteristiske for Fimreiteholmane:*

Slik vi kjenner historia for fuglelivet på Fimreiteholmane og i strandsona på Hagestrondi, har det vore tradisjon med sameksistens mellom både dei kolonidannande sjøfuglane, vadefugl og våtmarksfugl som dels har vore knytt til kulturlandskapet, og jordbruksdrift og busetnad gjennom beitebruk og slått/åkerdrift. Dette er såleis fugleartar som langt på veg har vore tilpassingsdyktige i høve til menneskeleg aktivitet i sitt nærområde, også ulike former for jordbruksdrift og husdyrhald. Vilåret har vore at den menneskelege aktiviteten har vore ein regelmessig og føreseieleg del av det som skjer i fuglane sitt nærmiljø, at det følgjer same rytme og former over tid, og at det er ikkje uroar fugl på reir med egg, eller gjennom ungane si oppvekstperiode. Slik sameksistens har vore svært utbreidd frå gammalt av, der det var bygt inn i lokalbefolkninga sin tradisjon at hekkande fugl og særleg i koloniar, skulle få mest mogleg fred i dei mest sårbare periodane. I nyare tid har vi etter kvart fått utvida kjennskap til at ein del fugle- og dyreartar har flytta nær menneske og kan leve og yngle også inntil og dels inne i område med særdeles hektisk menneskeleg aktivitet, og nokre gonger kan ein få det inntrykk at dei toler kva det skal vere. Men går ein nærare inn på funksjon og vilkår, blir det fort klargjort at basiskravet likevel er at fuglar og dyr må ha føreseieleg rytme og aktivitet for å kunne tilpasse seg, og aktiviteten må vere heilt nøytral og ufarleg for dyra og deira avkom. Når Fimreiteholmane er freda som naturreservat og med utgangspunkt i det artsutvalet, den funksjon og den menneskelege aktiviteten som var å nærområdet, er det eit prov på at dei artane som har brukt staden, har vore vel tilpassa den menneskelege aktiviteten som har vore. For å vurdere kor vidt den aktuelle utbyggingsplanen for fritidsbustader på Hagestrondi vil kunne verte negativ for fugleliv og natur på og rundt Fimreiteholmane, er det derfor viktig å vurdere ei utbygging og ein aktivitet i høve til det dyr og fugl i området opplever i dag. Aktiviteten i dei tilgrensande tun-områda er allereie ein del av det som har vore miljøet i landskapet, og sjølv om eksisterande busetnad og vegtrafikk er endepunkt for ein sideveg, vil bilvegen langs stranda ha vore ein viktig premissleverandør for korleis menneskeleg aktivitet

har arta seg i fuglane sitt nærmiljø. Det er derfor truleg at vegen i seg sjølv allereie representerer ei aktivitetsgrense som fuglane har bygt inn i si oppfatning av nærmiljøet. Derfor er det og viktig, slik det er nedfelt i arealbruk og aktivitetsdirigering i reguleringsføresegnene, at utbygging og aktivitet i all hovudsak er lokalisert utafor den grensa bak strandsona som fuglane etter alt å døme har tilpassa seg på førehand. Føresetnaden er, som før nemnt, at fuglane kan kjenne att aktivitetsmønsteret og at dei oppfattar det som nøytralt i høve til sin eigen aktivitet og motivasjon og definitivt ikkje må kunne oppfattast som forstyrrende eller trugande mot deira aktivitet.

Konklusjon:

Slik eg oppfattar planføresetnadene er arealbruk for områda i «Detaljplan for Hagestrondi i Sogndal kommune» i samsvar med overordna plan (kommuneplan). I detaljplanen og i reguleringsføresegnene er det lagt stor vekt på å ta vare på, også dels å føre tilbake visse inngrep som har vore, for å sikre naturverdiane i Fimreiteholmane naturreservat og i sonene med strandeng og strandsumpar som er registrert som viktige naturtypeområde.

Formalgrunnlaget for at dette skal kunne lukkast, er etter mi oppfatning til stades og ser ut til å kunne vere sikra. Utfordringane vil derfor først og fremst verte å sjå til at desse premissane vert følgde opp over tid, og at ein greier å formidle over for framtidige brukarar og eigarar av det planlagde område at dei har tilgang til opplevingsverdiar som mange andre ikkje vil ha innfor tilsvarande rekkevidde.

Eiksund, den 25. juni 2018



Alv Ottar Folkestad

Albicilla naturfagrådgeving